

Invitasjon til strategisamling i Helse Vest

Vi skal utvikle pasienten si helseteneste for dei neste åra og har starta arbeidet med strategien Helse2030. Denne våren blei Nasjonal helse- og sjukehusplan lagt fram. Planen peikar ut retning for oss. Vi veit mykje om utfordringane og krava som ligg framfor oss. Men korleis ser helsetenesta på Vestlandet ut 15 år fram i tid? Korleis møter vi framtida med dei beste løysingane? Samhandling er eitt av fleire stikkord. Teknologi, nye måtar å gi tenester på, kompleksitet i behandlinga og godt leiar- og medarbeidarskap er andre.

I samband med strategiarbeidet inviterer vi til strategisamlingar i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde til hausten, og vi håpar de har interesse og høve til å vere med oss.

Tid og stad for møta

Bergen, tysdag 20. september kl. 12.00-18.00 på Scandic Bergen City

Stavanger, onsdag 28. september kl. 09.30-15.30 Scandic Stavanger Forus

Førde, torsdag 29. september kl. 09.30-15.30 på Scandic Sunnfjord Hotel

Haugesund, fredag 30. september kl. 09.30-15.30 Scandic Maritim

På møtet vil de få presentert analysar og delar av arbeidet som er i gong. Det er lagt opp til at alle skal få moglegheit til å komme med innspel via gruppearbeid og diskusjonar.

Bakgrunn finn de òg på www.helse-vest.no.

Endeleg program for samlinga blir sendt ut nærmare.

Påmelding

Inviterte er samarbeidspartnarar frå kommunane, fylkeskommunane, private ideelle aktørar, brukarorganisasjonar, høgskular, universitet og andre. Fagfolk, leiarar, tillitsvalde, verneombod og representantar frå helseføretaka og det regionale helseføretaket er også med.

Ved påmelding vel de den samlinga som er lagt til føretaket som de soknar til, evt. den samlinga som høver best. Når det gjeld fylkesmann, fylkeskommune, kommunar og universitet/ høgskular er de invitert med to representantar kvar, gjerne ein frå leiinga og ein frå aktuelt fagmiljø.

Påmelding til Helse Vest ved å svare å e-posten til helse2030@helse-vest.no innan mandag 22. august 2016.

Velkommen!

Vennleg helsing

Herlof Nilssen

Adm. dir.

Helse Vest RHF